

## Årsmelding Ungdomsutvalget

Ungdomsutvalget har i år bestått av Geir Stølen, Oddvar Fredriksen, Hans Fredrik Vatnedal og Siv Tone Rossevatn som og er leiar. Vi har i løpet av året hatt eit møte, i tillegg til dette har telefon og mail vore brukt. I løpet av året har aktivitetane stort sett vore dei same som tidligare år, men med nokre endringar. Oppslutninga på samlingane har vore dårligare enn tidlegare år, noko det er fleire grunnar til. Ungdomsutvalget fekk også i år støtte frå Vest-Agder barne-og ungdomsråd (VABUR). I år fekk vi heile 34 800 kr.

### 15 meter

I innandørskarusellen for 2013 som vart avslutta i desember vann Sigve Vidringstad frå Lyngdal klasse rekruit. Klasse ER vart ikkje overraskande vunne av Alvilde Røiseland frå Holum. I junior vart det delt seiar mellom Karen-Oline Jacobsen og Henry Th. Jensen, og etter omskyting om medaljen vart det Karen-Oline som gjekk seirande ut. I juniorkarusellen såg ein at fleire av sisteårsjuniorane på hausten valde å konkurrere i klasse 4, slik dei har moglegheit til.

Til saman har det delteke 31 ulike rekrutteringsskyttarar i karusellen, desse fordelar seg på 11 i R og 10 stk i både ER og J. Av desse 31 var det 13 som deltok på nokk stemne til å fullføre karusellen. Det ein ser er at ein del skyttarar som har delteke på 1 stemne, i hovudsak har delteke på stemnet laget sjølv har arrangert.

På årets samlagstemnet deltok det 8 rekruttar, 6 eldre rekruttar, 6 juniorar i tillegg til bare 3 aspiranter frå arrangørlaga. Vinnar i R vart Jane Alise Eilertesen frå Øvre Eiken, vinnar i ER vart Hanne Vidringstad og i junior klassen tok Sindre Skoie ein noko overraskande seiar. Noko av grunnen til den låge deltakinga i J ligg nok i at det var ein del som i år gjekk over i senior. På resultatlistene ser ein tydeleg kva lag som er flinke til å få rekrutteringsskyttarane med ut på stemner.

Nytt av året var at det på samlagstemnet vart arrangert felles lagskyting for rekruttering-, senior-og veteranskyttarane. Dette var eit positivt tiltak.

I år fann Sørlandsstevnet stad på Time, og fleire hadde teke turen vestover. I rekrutklassen deltok 3 av «våre», og Jonas S. Øksendal var best på ein delt 4. plass med 334. I ER var det 4 stk, og best vart Ida Marie Biktjørn på 5. plass med 344. I juniorklassen slo Karen-Oline Jacobsen til med ein 2. plass, bare 3 sentrum bak 1. plass. Ho hadde 345 p med 10\*. Elles var det 3 andre vest-egder i aksjon i junior, men dei nådde ikkje heilt opp.

### Felt

Feltkarusellen har i fleire år vore den karusellen med dårligast oppslutting. Slik var det også i år der bare 5 skyttarar fullførte. I år som i fjar gjekk Jonas S. Øksendal av med seiaren i kl R, han var den einaste som fullførte karusellen. I ER vant Karen S. Øksendal, mens juniorklassen vart vunne av Sindre Skoie, alle frå Holum. Om ein samanliknar årets karusell med fjaråret var det like mange som deltok, mens det var betydelig færre som fullførte. Dette gjer at lag og samlag har ein jobb å gjere for å få fleire interesserte i feltskyting.

På samlagsstevnet felt deltok det til saman 16 stk i kl R, ER og J. Vinnarane vart Tommy Lie Hortmann i kl R, Karen S. Øksendal i kl ER og Alvilde Røiseland i kl J, igjen alle frå Holum.

Årets landsdelskretsstemne i felt var arrangert her i samlaget. Ungdommen som deltok fekk oppleve litt av kvart av ver: Det både sludda, snødde, blåste, var vindstille, stålande sol og regn før innleiande skyting var unnagjort. Det deltok 6 rekruttar, der Martin Eiken, Jane Alise Eilertsen og Marianne Rossevatn kom til finalen og ende på henholdsvis 2., 3. og delt 4. plass. På den innleiande skytinga var dei veldig heldige med vindforholda. I eldre rekrutt var det som venta høgt nivå og mange treff. Av dei 3 som deltok klarte Karen Øksendal å komme til finale, og ende på den sure 4. plassen. I den eldste ungdomsklassen hadde vi 5 skyttarar, utan at nokon utmerka seg.

Som tidlegare år ser ein at det er dei same laga som går igjen når det gjeld feltskyting, vi vil gjerne ha fleire ungdom med. Vil og anta at ungdommen ønsker fleire å konkurrere mot.

## Bane

På årets Landsdelsstevne bane vart det tapetsering av pallen i rekrutt klassen, her tok Øvre Eiken alle dei 3 øvste plassane. Noko som var svært overraskande i tillegg til at det er ein prestasjon av skytterlaget å klare alle pallplassane i klassen. Forutan 3-kløvaret frå Øvre-Eiken var også Sigve Vidringstad med i finalen og kom på ein fin 6. plass. I eldre rekrutt gjekk det ikkje på langt nær så bra, og Vest-Agder hadde ingen deltagarar i finalen. I junior klassen gjekk Alvilde Røiseland av med seiaren med fullt hus, 350 p. mens Karen-Oline Jacobsen fulgte med 2 poeng bak og på 3. plass, også dette ein sterk prestasjon.

Samlagstemnet bane vart arrangert av Holum skytterlag på Mandal sin skytebane. Vinnaren i klasse R var Martin Eiken frå Øvre Eiken. I kl ER vart det ein overraskande seiar til Espen Elias Vigemyr frå Heddeland og Breland mens seiersvante Alvilde Røiseland vant junior klassen. Lagskyting var det også på samlagstevnet, og i år var det hard kamp om plasseringane. 6 lag deltok og Holum satsa på storeslem med 3 påmeldte lag. Det resulterte i at Holum 1 vant føre Lyngdal og Holum 3. Vinnarlaget hadde 1 poeng meir ein 2. plassen. Dei to neste plassane måtte det sentrum til for å skille.

I årets banekarusell var det i rekrutteringsklassane 26 skyttarar som deltok, 18 av desse fullført. Den største klassen var her Rekrutt, noko som er svært gledeleg. Jane Alise Eilerten vant føre Sigve Vidringstad og Jonas S. Øksendel. I eldre rekrutt gjekk seiaren til Hanne Vidringstad føre Karen S. Øksendal og Tor Even Røyrås, mens Alvilde vant juniorklassen føre Benedikte Dragland og Karen-Oline Jacobsen.

## Lagskytinger

Samlaget har stilt med lag på 3 ulike stemner i sommar. Landsdelskretsstevnet, LS og Agderstevnet. På Landsdelskretsstevnet og Agderstevnet stilte vi med 2 lag. På landsdelskretsstevnet måtte 1. laget ta til takke med den sure 4. plassen etter at 3. plassen glapp på sentrumstelling. På LS var det jamm og god skyting av alle 4, men i den harde konkurransen gav poengsummen 395 ein 15.plass. Noko vi må seie oss fornøgde med siden dette var ei forbetring frå tidlegare år. Full klaff på lagskytinga kom på Agderstevnet då Espen Elias Vigemyr, Rune Oma Urstad, Karen-Oline Jacobsen og Alvilde Røyseland gjekk til topps, og det med to lagskytingsdebutantar på laget.

## **Samlingar**

I år vart vårsamlinga arrangert på Lindesnes skytterlag sin bane. Det deltok 10 ungdommar og like mange foreldre/instruktørar var med. Den dårlige oppslutninga hadde nok fleire grunnar. Opplegget var som tidligare, med skyting på 100 og 200 m, litt teori og mat. I år var menyen pølser og hamburgere.

I Juli inviterte vi igjen til samling. Denne gonga var det felt som hadde fokus. Samlinga fann stad hos Holum skytterlag. Her var årets LS finfeltløype rigga opp på elektronikken. Ungdommen fekk moglegheit til å skyte seg gjennom løypa og i ettertid trenere meir på figurar dei syns var vanskelege eller som dei lurte på om dei skulle stille på. Det var også muleg å prøve stang og felthurtig denne dagen. Siden det var forholdsvis mange rekrutter og eldre rekruttar på samlinga tok det ikkje heilt av. Kvelden vart avslutta med grillmat.

Som tidligare år var det ein god gjeng som reist til ungdomsstevnet i Numedal. Totalt var det 11 skyttarar og fleire foreldre og ledere som var med. I år var vi tilbake til tradisjonen og overnatta på Haugen gard. Ekstra gøy syns ungdomsutvalget det er at også Flikka og Heddeland og Breland var representert i år. Om ein skal nemna noen resultater frå denne helga må det blir Alvilde Røyseland sin 2. plass på felten og Jonas S. Øksendal sin 2. plass på stangskyting med 17 treff. Utannom skytinga besto helga av mykje kortspilling, moro og litt lite søvn. Viss noen skulle vere nysgjerrige på korleis dette artar seg så ta ein kikk nedst på sida her: <https://www.dfs.no/hjemmesider/vest-agder-skyttersamlag/vest-agder/Ungdom/samlinger-og-turer/ungdomsstevnet-2014/>

I år gjorde vi ein vri på haustsamlinga og arrangerte denne på innendørsbanen til Øvre Eiken. Det var planlagt at samlinga skulle ha vart frå fredag til laurdag med overnatting i gymsalen, men på grunn av få påmeldte vart det beslutta å kutte ned til bare laurdag. Dei 7 skyttarane som møtte opp fekk mye god instruksjon av samlagsinstruktør Bjørn Vidringstad, og dei fekk skutt mye. Tilbakemeldinga på samlinga var god. Den dårlige oppslutninga må ungdomslederen ta på seg noe av ansvaret for.

## **Takk**

Ungdomsutvalget vil til slutt rette ein stor takk til alle som har vore med å bidrege til at samlingane har vore mulige gjennomføre. Og ikkje minst må vi takke foreldre som stiller velvillige opp og er med på turar og samlingar. Utan dykk hadde det ikkje vore mogleg og få til dei arrangementa som har vore.

Viss nokon har lyst til å sjå bilete og lesa meir om kva som rørar seg på ungdomssida i Vest-Agder så ta ein kikk her: <https://www.dfs.no/hjemmesider/vest-agder-skyttersamlag/vest-agder/Ungdom/>